

Oversyn søknader. Rom for møte 2019-2020

	Søkjjar	Namn på tiltaket	Om tiltaket	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngjeving
1	Prophetic and Healing Ministry	Prophetic and Healing Ministry	Samlingar med vekentlege bønemøte med ulike tema relatert til norsk språkkompetanse.	42 000	30 000	Avslag	Søknaden er ikkje i samsvar med utlysinga om tilskot til kommunale folkebibliotek.
2	Askøy folkebibliotek	Språkkaféar og norsktrening	Vidareutvikling av biblioteket som møteplass for innvandrarar og flyktningar på Askøy. Biblioteket har starta å samarbeide meir med Flyktningtjenesten og Voksenopplæringa. Askøy søker blant anna om støtte til å bygge opp ei eiga boksamling til bruk i språkkaféen.	39 580	39 580	15 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med vidareutvikling av biblioteket som møteplass og det å ta vare på frivillige. Tiltak knytt til oppbygging av fleispråkleg boksamling vert ikkje støtta i tildelinga for 2019.
3	Austevoll folkebibliotek	Vennskap og kjennskap	Tilrettelegging for sosiale treffpunkt for ulike samfunnsgrupper i samarbeid med frivilligsentralen, kulturskule, folkehelsekoordinator, NAV, vaksenopplæringa, flyktningskoordinator og ulike praksisplassar. Mellom anna vil Austevoll starte internasjonal kafé der innvandrarar kan presentere underhaldning i form av dans, song og musikk, i tillegg til at dei lagar mat frå eigne land.	40 000	40 000	15 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med tverrfagleg samarbeid i kommunen. Budsjettet verkar overdimensjonert i forhold til planlagde tiltak.
4	Etne bibliotek	Rom for møte 2019 Etne	I 2018 starta Etne bibliotek språkkafé saman med Etne frivilligsentral og Røde Kors Etne. Det vart godt tatt imot, og biblioteket ønskjer å leggje til rette for møte utanfor biblioteket i tillegg til å oppretthalde språkkaféen.	8000	8000	8000	Søknaden er heilskapleg både med tanke på konsept, samarbeidspartnarar og utstyr.

5	Fedje folkebibliotek	Kafé internasjonal	Hovudmålet med prosjektet er å lære seg norsk og å forbetre språkbruk. I prosjektet vil biblioteket etablere språk- og kulturkafé i kommunen.	40 000	40 000	15 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med tverrfagleg samarbeid i kommunen. Budsjettet verkar overdimensjonert i forhold til planlagde tiltak.
6	Fitjar folkebibliotek	Makerspace Fitjar	På bakgrunn av erfaringane frå å arrangere miljøklubb for barn som eit integreringsprosjekt ønskjer Fitjar folkebibliotek å vidareføre dette ved å lage makerspace for barn i alderen 3-5.klasse med fokus på integrering. I tillegg ønskjer Fitjar å vidareføre tospråklege forteljestunder.	40 000	40 000	7000	Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med mål om å vidareføre tospråklege forteljestunder. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til makerspace-tiltaket i 2019.
7	Kulturbanken , Granvin folkebibliotek	Innføring i lokal tradisjonskultur og tiltak for norskopplæring og integrering	Biblioteket søker midlar til integrering for innvandrarakar busett i Granvin herad. Bygda er ei kulturbygd med rike tradisjonar innan folkemusikk og husflid. Ein vil blant anna etablere læringsarena for språktrening og digitale plattformer.	20 000	20 000	20 000	Søknaden er heilskapleg både med tanke på konsept og samarbeidspartnarar.
8	Kvinnherad bibliotek	Me spelar på lag	Kvinnherad bibliotek ønskjer å samarbeide med den største barneskulen i Kvinnherad kommune. Målet med prosjektet er å få framandspråklege elevar betre integrert ved auka bruk av biblioteket. Dette vil ein gjere gjennom lek og ulike aktivitetar.	40 000	40 000	15 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Målet med prosjektet er positivt, men budsjettet verkar overdimensjonert i forhold til planlagde tiltak.

9	Lindås bibliotek	Å jobbe i Noreg	<p>Prosjektet byggjer på erfaringar frå Rom for møte i 2018. Ein planlegg fleirkulturell kveld med "jobb i Noreg" som tema.</p> <p>Ein viktig samarbeidspartnar er vaksenopplæringa. Ein vil også nytte seg av nettverket frå språkkaféen og ressurspersonar knytt til Lindås Næringsråd og Reservebenken AS.</p>	40 000	40 000	28 500	<p>Søknaden er i tråd med ordninga, og byggjer vidare på tidligare erfaringar. Positivt med fokus på arbeidstrening. Lønsandelen i søknaden overskrid ramma i utlysinga på 25 %.</p>
10	Osterøy bibliotek	Rom for møte på Osterøy	<p>Biblioteket ønskjer tilstellingar for ulike grupper der ein vil jobbe med å vidareføre språktilbod og tiltrekke nye deltakarar. Ei målgruppe er austeuropearar. Biblioteket ønskjer også å laga eit tilbod til ungdom som er gratis, uforpliktande og inkluderande.</p>	37 000	37 000	20 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med målgrupper som er interessante for integreringsarbeid i Hordaland. Reduksjon i budsjett knytt til innkjøp av utstyr.</p>
11	Samnanger folkebibliotek	Rom for møte; fleire møte og nye forteljingar	<p>Samnanger bibliotek og Frivilligsentralen vil satse vidare på Språkkafé og Handarbeidstreff, som er dei mest vellukka integreringstiltaka i kommunen. Vidare vil biblioteket satse på munnleg forteljing.</p>	40 000	40 000	15000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med målgrupper som er interessante for integreringsarbeid i Hordaland. Tiltak knytt til honorar og reiseutgifter blir ikkje prioritert i tildelinga for 2019.</p>
12	Stord folkebibliotek	Rom for møte - digital folkeverkstad	<p>Stord folkebibliotek fekk midlar til å drive digital folkeverkstad for dei mellom 8-11 år med utanlandsk bakgrunn i 2017 og 2018. Dette ønskjer ein å fortsetje med.</p> <p>I neste periode vil Stord også sjå meir på grøn energi samt bruke meir variert utstyr. Biblioteket samarbeider med Stord IKK (Stord internasjonale kulturklubb).</p>	20 051	20 051	20 000	<p>Søknaden er heilskapleg både med tanke på eit konsept som byggjer på tidligare erfaring innan digitale verkstader, nye samarbeidspartnarar og gjenbruk av utstyr til andre konsept.</p>

13	Sund folkebibliotek	Døropnar til språk og historie	<p>Sund bibliotek ynskjer å vidareutvikle det fleirkulturelle kvinnetreffet ein har kvar tysdag og dei større familiesamlingane der det har vore fokus på mattradisjonar frå ulike land.</p> <p>Sund Røde Kors og Folkeakademiet i Sund er gode samarbeidspartnarar, og biblioteket er ein sterk pådrivar og organisator i arbeidet.</p> <p>Dei frivillige treng støtte og rettleiing med faste treff der dei kan ta opp utfordringar og få informasjon undervegs.</p>	66 000	25 000	20 000	<p>Søknaden er heilskapleg både med tanke på konsept og samarbeidspartnarar.</p> <p>Erfaringa frå arbeidet med dei frivillige er ein viktig lærdom i prosjektet, men budsjettet verkar litt overdimensjonert i forhold til planlagde tiltak.</p>
14	Ulvik folkebibliotek	Rom for møte	<p>Firedelt tiltak for integrering i prosjektet "Rom for møte" med fokus på følgjande punkt:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Språkkafé og norsktrening, 2. Kurs i arabisk, 3. Lokale tradisjonar, 4. Rom for forteljingar. 	40 000	40 000	20 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Tiltaket kurs i arabisk vert ikkje prioritert i tildelinga for 2019.</p>
15	Voss bibliotek	Med biblioteket som arena, kulturformidling på arabisk og thai i Voss bibliotek	<p>Voss bibliotek ønskjer å gjennomføre desse tiltaka:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Arabiske dagar Samarbeid med Voss vaksenopplæring, Voss Røde Kors og frivillige frå språkkaféen. 2.Thai-kveld Mat og matkultur, musikk, dans, forteljing, quiz, føredrag om Buddhisme. Samarbeid med innvandrarar frå Thailand, Voss vaksenopplæring. 	45 000	35 500	25 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med målgrupper som er interessante for integreringsarbeid i Hordaland. Lønsandelen i søknaden overskrid ramma i utlysinga på 25 %.</p>
SUM				557 631	495 131	243 500	